

Oppmodar til misjonsarbeid

Kjell Magne Ashamar (Sp) meiner at misjonsarbeid må til for at sal av fjordvarme skal ta av for fullt.

Formannskapet behandla også saka om utviding av aksjekapitalen i Fjordvarme AS torsdag. Generalforsamlinga i fjordvarmeselskapet er identisk med formannskapet i Eid. Rådmannen si tilråding om teikning av nye aksjar i selskapet til ein verdi av 1.385.000 kroner vart vedteken samrøystes.

Sjølv om alle var samde i aksjekjøpet, så var det fleire av formannsapsrepresentantane som uttrykte at tolmødet i forhold til avkastninga i selskapet er begynt å bli strekt i lengste laget.


– Vi er nøyddde til å sjå ei utvikling snart dersom ein skal halde fram med denne organisasjonsforma, og utviklinga er avhengig av at alle gjer ein jobb for Fjordvarme. Det må snart skje eit kvart, spesielt

på kompetansesentersida, og vi må skjærpe marknadsføringa overfor dei vi skal selje til. Eg trur nok vi må drive litt misjonsarbeid i andre kommunar, meinte Kjell Magne Ashamar (Sp).

Ordførar Sonja Edvardsen (Ap) meinte på si side at det er utruleg at ikkje fleire har skjømt kor stort innsparingspotensialet er med fjordvarme, og nemnde Nordfjord sjukehus som eit heilt unikt døme i så måte. Ho la til at fjordvarmepermane truleg no finst i hyllene til kvart einaste norsk departement.

– Det er no dette gjeld, og det er i grevens tid at vi får utnyttja kompetansen og ikkje missar den ut. Det er utruleg at ikkje fleire har hve seg på karusellen når ein ser kva ein får igjen av kilowatt-timar. la Ranveig Årskog (Sp) til.

– Det har gått litt treigt å få selskapet i balanse, men vi nærmar oss. Det er viktig å ha tru på eige prosjekt, oppmoda Jostein Huneide (H).



Varaordførar Kjell Magne Ashamar (Sp)

